



Gudrun, Halvard og Døsslandspil, som presterte det nærmast utrulege i Bergen torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den fire år gamle Uskedalshesten Døsslandspil, som Gudrun og Halvard Døssland eig, laga ei skikkeleg oddsbombe i Bergen Travpark torsdag.**

**Medan hesten på papiret var seinast av dei 15 startande, leia han frå start til mål og pressa oddsen opp i 40,5.**

**Eller for å seia det enklare for ikkje-ekspertar: Satsa du 100 kroner på Uskedalshesten, fekk du over 4.000 igjen! Det gjorde til dømes hovslagar Teigen!**

- Men eg hadde inga tru på Døsslandspil denne gongen. Hadde Gudrun sagt at eg skulle halda hesten heime, hadde eg gjort det. Eg syntes mellom anna at eg ikkje hadde fått trent skikkeleg, seier ein glad Halvard og nyt novembersola saman md kona og vinnarhesten.

Han forklarar kvifor forventningane var så låge:

- Døsslandspil, som er av god stamme med Pål Even som far, gjekk greitt gjennom mønstringsløpet for to år sidan og vi venta mykje av hesten som treåring. Men vi vart skuffa på grunn av ein skade i den eine bakfoten.

Ekspertar meinte at hesten aldri ville bli ein brukbar travar. Men Martin og Øyvind Austevoll i Bergen Travpark var av ei anna meining. Dei understreka at hesten var eit talent og vi sette kursen mot ein alternativ klinikk, den på Bjerke i Oslo. Og dei slog fast at det ikkje var noko som mangla hesten, poenget var berre å få strekt ut ei sene.

No i september starta Døsslandspil att for første gong og fekk premi. I den andre starten tidleg i oktober galopperte ho bort ein plass blant dei tre beste. Denne gongen trudde eg slett ikkje på premie, for hesten hadde den svakaste tida av alle.

Men kusk Øyvind var av ei anna meining, han var sikker på at Døsslandspil på ein god dag kunne bli blant dei tre beste. Hovslagaren hadde altså enda høgare forventningar. Og så skjedde det nærmast utrulege at hesten tok leiinga frå start og ikkje gav han frå seg! Kilometertida 1,35,5 var ei forbetring på tre sekunder. Ikkje rart at vi var høgt oppe og at mange i miljøet kom for å gratulera oss.

- Og så vart det ein pen slump pengar i tillegg til æra...

- Førstepremien var 12.000 kroner, men det økonomiske tenkjer vi ikkje så mykje på. Dette er hobbyen vår.

- Når skal Døsslandspil starta neste gong?

- Det veit vi ikkje enno, vi veit berre at no ligg lista høgare fordi hesten må stilla med tillegg.

Av Ola Matti Mathisen



Flott hest og fornøgde eigarar på Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)